

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 Fylke: Hedmark
 Tilleggsspørsmålno. 1 - 23 Herad: Tolga
 Emne: Ard og pløg Bygdelag: Vingelen
 Oppskr. av: Eystein Eggen Gard: ingen
 (adresse): Vingelen G.nr. 0 Br.nr. 0


- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter samtale med ymse eldre folk i Vingelen
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1)

Nei, etter det eg har røkt etter på dei eldste gardane her i Vingelen, er det ingen som har brukt ein retteleg ard etter fig 1-5, men eg har funne ein variant på gården Haugen, visstnok den einaste arden som folk hugsar har vore brukt i Vingelen. Kring 1870 kom det ein mann frå Toten som kjøpte gården Haugen. Ein mann som tente på gården og som no er 85 år, brukte denne arden til potetradene, men han trur det var totningen som kom med han. Eg fann arden på gården enno og laga eit riss av han.

Arden var fint laga med svarva skaft og flytting til å mæle djupleiken. Han såg ut til å ha vore lite brukt og var neppe eldre enn 70-80 år.



2 - 12)

Ingen brukar ard her i Tolga no. Dei brukar ein ny type av hyppeplog (fabrikkplog). Kornet vart nok i gamle dagar mylla ned med grev, og mange brukar enno å hyppa potetene med same reidskapen.

13) Dei eldste plogane vart laga av bygdesmeder. Risset under viser ein slik heimelaga plog laga av bygdesmeden Esten ~~Risset~~ Embretsen Rønningen i 1852. Det fins mange slike plogar med ristil som synes å vera laga av den same smeden. I alle høve er typen eins. Plogen har berre eit styre som går i bøyg fram til åden, og utanom veltefjåla av jarn har plogen mykje likskap med arden ovanfor.


2928

Bergs plogen laga av Lars Bergt Lynset kring 1885-1900.



14) Ein annan og nyare plogtype er laga av plogsmiden Lars Bergt, Lynset. Denne plogen fins på mest alle gardane i Vingelen og var i bruk til Fabrikplogane kom ikring 1890. Det fins en- no einkvam som brukar Bergt sin plog. Han er fint forma og attåt svært sterkbygd. Lars Bergt gjekk omkring i bygdene og bygde slike plo- ger. Han la til velte- og skjar og tok 15 a 20 kroner for heile plogen full ferdig. Det var jarn i veltefjla. Bergsplogen vart heitande

Plog laga av Lars Lynset kring 1850



3

Ein legg merke til at Bergeploegen har to jarnstenger påsett frå styret og fram på åsen ovanpå og vidare frå åsen til framst på denne under .

15) Det var neppe bruk for øks eller anna reidskap til å reiska veltefjåla da baa desse plogane hadde jarnvelter .

16) Plogen vart velta på sida motsett veltefjåla når dei kjørde han attende til fåra .

Dei hadde treknattar både på åsen og skjærstytret , men dei hadde ikkje noko sers namn på desse knattane . Dei vara ploggen mot å hogga seg fast, og i bygdemålet var det kanskje værknatter eller værskier .

17) Vinstreplogen var den vanlege . Det fans ein og annan høgreplog som vart utlånt eller bytt millom bøndene når pløyinga låg litt meins til for vinstreplogen .

18) "ei gamle plogane hadde ikkje noko reguleringshjul frampå åsen . Bergeploegen i var laga slik at han vog jamnt så ein kunde ta ~~dyppna~~ djupna med styret . (Balansplog)

20) "ei eldste plogane hadde ristil (sjå Rønningsplog)

21) Fig 10 er ikkje kjent av folk no .

22) Ein la plogen på ein vanleg arbeidsvogn eller kjørde han ut på pløyinga slik han låg .

23) Fig. 12 har eg ikkje funne i bygda .

Eg trur knapt det har funnes andre ploger av eldre type enn Rønnings - og Bergeploegen .

Dei første fabrikkplogane kom frå firma Lundh & Co i Kristiania og vart kalla Lundhplogar .

Elles fins det no ymse nye plogar av fabrikktypen .